



Kyrkjelyden kjem via fjorden til Åkra

- Vi håper at det kan verta noko av ei folkevandring til kyrkja frå alle delar av Uskedalen søndag, seier Tormod Myklebust som er leiar av markeringa av ein kyrkjesøndag slik den var i gamle dagar. Gudstenester med gamal koloritt har vore avvikla mange stader i landet i dei seinare åra, til dømes i Åkra, og nå bed også Uskedalen inn til eit slikt opplegg.



I Lom var både lensmannen og presten på plass i full mundur.

Det blir ikkje minst spennande å sjå kva folk har funne fram av gamle klede og korleis prost Svein Arne Theodorsen og organist Eva Megyesi er kledd denne dagen. Transportmåtar er eit anna poeng. Vi kjenner til at det kjem robåt frå Skorpo, som verkeleg hadde ein krevjande kyrkjeveg i gamle dagar. Men kor mange vil bruka hesten?

Prosten skal sjølvsagt nytta den gamle liturgien og kyrkjelyden må bla opp i den gamle salmeboka, som vart nytta til 1925. Tiner med mat og matøkt på kyrkjebakken etterpå er ein naturleg programpost, men det begrensar seg ikkje til det.

Det var også vanleg med kunngjeringar av ymse slag frå kyrkjebakken og vi får ein reprise av dei. I det heile håpar Myklebust at folk vil opphalda seg ute ei god stund etter messa og ha ein ettertankens stund på kyrkjegarden.

- Dette bør bli den einskilde uskedeling sin jubileumsmarkering for kyrkja, seier Tormod, som finn det sjølvsagt at alle flagg vil gå til topps.

Slike arrangement har i dei seinare åra vore avvikla land og strand rundt og vore prega av stor fantasi. Vi kjenner til dømes til Lom, som i det siste har vore i fokus også av ein annan grunn...Der gjekk dei heilt attende til 1808 for å laga kopien av ei messe og kyrkjelyden fekk høyra Læstadius si pinsepreike frå 1853. Og som eit skikkeleg punktum var det salutt ved Waageske kompani i tidsriktige uniformar og med munnladningsgevær! Det er neppe aktuelt å kopiere akkurat det i Uskedalen.....

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen



Det var ein stilig kyrkjelyd i Lom